



REFERAT

Boks 23, 4368 Varhaug
Org. no.: 970179275
T: 51 43 04 01
vil.no

Dato: 14.08.2025

Agenda: Møte i handballstyret

Møteleiar: Christopher Forsmo

Referent: Reidunn Vasshus Reiestad

Tid: 19.00-21.00

Sted: Møterom JSA

Deltakrar: Christopher Forsmo, Heine
Knudsen, Silje Skretting, Mari Auestad,
Håvard Frøyland, Kjetil Vesthovde

Fråverande: , Siri Kvia, Maren Iren Kvia

01/25: Godkjenning av innkalling og sakliste

- Ok

02/25: Godkjenning av referat

- Ok

10/25: Økonomi

- Budsjettet er urealistisk sett opp, og derfor utfordrande å styre etter. Styret vil ta tak i dette og ta ein skikkeleg gjennomgang før neste års budsjett vert sett opp.

24/25: Klubbhuset

- Arbeid med årshjul er i gang. Reidunn tek kontakt med kontaktpersonen i region sørvest for å sjekke om NIF-årshjulet kan kommunisere med medlemmane i styret.



14/25: Status seniorlag

- Herre A er mange spelarar på treningane, og fleire har eller tenker på å melde overgang.
- Dame A og B vert delt i år.
- Dame A skal ha samarbeid med Nærbø der opp mot 7-8 spelarar frå Nærbø skal delta på kampar i Varhaug.
 - Dei spelarane som skal spele kampar for Varhaug skal ha ei til to treningar med Varhaug i veka
 - Det er ynskje om å ha ei fellestrening for begge laga på Varhaug der dei disponerer begge hallane. Slik det ser ut no vil det være utfordrande. Dersom det vert fellestrening for herre A med Nærbø og Bryne kan det opne seg ein moglegheit dersom treninga kan leggst frå kl. 20.00-21.30. Dette vil ein eventuelt kome tilbake til dersom det vert aktuelt.

23/25: Samarbeidsavtale med Nærbø I.L. 25/26

- I tillegg til samarbeid på seniorlaga skal det være eit samarbeid på G16. Varhaug sine spelarar har tilbod om å trene med breddelaget til Nærbø, og det kan være aktuelt for breddespelarar frå Nærbø å spele kampar for Varhaug. Då må det i tilfellet bli eit samansett lag sånn som i fjor.

27/25: Kverneland energi HAFO-cup

- Administrasjonen har kartlagt aktuelle handballklubbar i regionen, og invitasjonen til denne må sendast ut så fort som mogleg.

26/25: Status trenarar aldersbestemte lag

- Thomas Ueland går inn som trenarar for G14
- J13 manglar framleis trenar. Christopher har fått fleire nye namn som han vil sjekke ut.



28/25: Trener- oppmannsmøte

- Forslag til treningstider vert presentert på trenerforum 28..08.2025.
- Mange lag ynskjer å trene i tida mellom 17.00 og 20.00, og dei eldste laga må vera innstilt på å ha dei seinaste treningstidene
 - Trenarar som har ansvar for fleire lag, og A-lagsspelarar vert prioritert når treningstidene vert sett opp.

08/25: Eventuelt

- NM senior-kamp mot Nærbø Elite
 - Halv pris på inngang for alle som møter i grønt
 - Arrangementskomiteen ynskjer at flest mogleg frå styret er med å bidreg i forkant av arrangementet. Oppmøte seinast ein time før.
 - Crossboard-challenge i pausen for ti deltakarar om gongen
 - Smågodt frå påskeegga i premie
 - Mari skaffar ti ballar og legg dei ut når pausen starter
 - Silje har kontroll på kiosk o.l.
- Golvet i JSA
 - Det kjem ny merking i hallen på onsdag med godkjent midtsirkel
- JTR-cup
 - Det er mangel på dommarar og folk til dugnar. Alle lag må oppmodast til å stille med fleire folk.

